



Klepp kommune

Tu skule

TU-NYTT

Informasjon til heimane i
skulen og sfo

19. desember 2011

Nr 4 2011/2012

JUL PÅ Tu

Siste skuledag før jul er onsdag 21. desember. Elevane sluttar klokka 12.00 denne dagen. Elevar kan ta med kjeks, kaker, brus, saft og vanleg matpakke siste skuledag. Det er ikkje lov med chips og snop. Førjulstida har vore prega av lys, songar, juleverkstad, men og fagleg fokus heilt fram til siste skuledagar.

Fyrste skuledag etter ferien er tysdag 3. januar 2012 til vanleg tid.

Modular/trafikk

Det at barnehagen har flytta inn i modulane har gått svært godt. Takk til foreldre som kjører forsiktig utanfor skuleplassen vår og takk til alle som set av ungane sine ved Kåsenhallen.

Flytting: 6. og 7.klasse flyttar klasserom frå hovudbygg til modulane no rett før jul. Nye stolar og pultar kjem på plass i veke 2. SFO vil og flytte til modulane etter jul. SFO vil informere meir om det seinare.

Mange elevar ønskjer seg sykkelykt til jul!

Elevane har eit stort potensiale på å starte å bruke lykt på sykkelen. Reflekser er det stort sett ok med fordi dei har refleksar på skulesekkane sine. MEN: Ingenting er betre enn refleksvestar. Ved telling av lykt på sykkel var det ein dag berre 5 av 25 elevar som hadde lykt på sykkelen. Langt fleire hadde lykt, men **avskrudd**. Dagen etter var det betre, men berre 50% av alle syklistar bruker lykt. Alle sykklar skal stå i sykkelstativa. Det er de foreldre som bestemmer om borna dykkar skal få lov til å sykle, men me minner om at Trygg trafikk ønskjer at borna skal vera 10 år før dei sykler åleine i trafikken. Dette gjeld heile året, og det er ekstra farleg no når det er mørkt.

Ny skule

Alliance Arkitekter Stavanger er byrået som skal byggje nye Tu skule. Det vert som planlagt eit møte på nyåret der alle lag/organisasjonar vert inviterte til å koma med synspunkt på nyskulen. Ei gruppe frå Tu skule har vore på synfaring på to nye skular i Time og Hå for å henta erfaring med nybygging.

Personale

Ny kontaktlærer i 6.klasse er Kenneth Giske. Han har vore lærar på Tu tidlegare. Me er svært glad for at han har søkt seg tilbake til Tu skule. Ny barne og ungdomsarbeider på Tu skule er frå 1. januar Olinda Håland. Mette Hauge Sikveland har permisjon frå stillinga si på Tu. Ny kontaktlærer i 7.klasse er Anne Grethe I. Vigrestad.

Synfaring

14. desember fekk skulen eit kort besøk av ordførar, rådmann og kommunalsjef. Elevar frå elevrådet tok imot. Nokre elevar i 1.klasse og 4.klasse fekk møte ordføraren og følgje hennar.



Tu skule ønskjer alle ei god jul og eit godt nytt år